



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 23.05.2017
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 22:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Asbjørn Brandtun	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Jan Erik Espelid	V
Morten Sognes	H
Siri Kaland	AP

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Gerd Marie Solheim	AP	Varamedlem
Solveig Hopen	H	Varamedlem
Arne Kästel	V	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Osen, Olav Birger Andersen, Olav Mongstad, Asbjørn Toft og Rolf Henning Myrmel

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
028/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/17	Godkjenning av møteprotokoll
030/17	Meldingar
031/17	Orienteringssak
032/17	Søknad om permisjon frå politisk verv
033/17	Landbruksplan for Austrheim 2017 - 2022
034/17	Godkjenning av Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001
035/17	Godkjenning av Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002
036/17	Delegasjonsreglement for Austrheim kommune - Revisjon
037/17	Ballplass - Kaland barne- og ungdomsskule
038/17	Opptak av lån til kjøp av gnr.149 bnr. 72 i Austrheim
039/17	Årsmelding 2016
040/17	Rekneskap 2016

028/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 028/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

029/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 029/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

030/17: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 030/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

031/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Det var fylgjande orienteringar i møtet:

- Kjetil Hestad orienterte om Lingalaks sin produksjon og om laksenæringa generelt.
- Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte og ymse prosjekt innanfor pleie og omsorg
- Ordførar Per Lerøy orienterte om tilskot til Vardetangen og steinalderbuplassen.

Framlegg frå rådmannen:

Orienteringane vert teke til vitande.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 031/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

032/17: Søknad om permisjon frå politisk verv

Rådmannen sitt framlegg:

Mariell S. Storebø får permisjon frå vervet som varamedlem til Austrheim kontrollutval.

Som nytt varamedlem i perioden 01.06.17 til 01.06.18 vert valt: _____ .

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå valnemnda:

Som nytt varamedlem i perioden 01.06.17 til 01.06.18 vert valt: Ivar Bergsvik

Framlegg frå rådmannen og valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - 032/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Mariell S. Storebø får permisjon frå vervet som varamedlem til Austrheim kontrollutval. Som nytt varamedlem i perioden 01.06.17 til 01.06.18 vert valt: Ivar Bergsvik.

033/17: Landbruksplan for Austrheim 2017 - 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune tek Landbruksplan for Austrheim 2017 – 2022 til vitande. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 033/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune tek Landbruksplan for Austrheim 2017 – 2022 til vitande. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

034/17: Godkjenning av Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner planendring for *Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001*. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Planskildring er datert 15.12.2016, reguleringsplankartet er datert 09.12.2016 og reguleringsføresegner 27.03.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 033/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner planendring for *Reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av GNR 130 og 131 i Austrheim, planid 2016001*. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Planskildring er datert 15.12.2016, reguleringsplankartet er datert 09.12.2016 og reguleringsføresegner 27.03.2017.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå gruppeleiarane:

1. Saka vert utsett.
2. Planen leggjast fram på nytt etter at Austrheim kommune har nødvendig avklaring med grunneigar av Klungreneset om mogleg kjøp av eigedomen.

Framlegget frå gruppeleiarane vart samrøystes vedteke.

KS - 034/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

1. Saka vert utsett.
2. Planen leggjast fram på nytt etter at Austrheim kommune har nødvendig avklaring med grunneigar av Klungreneset om mogleg kjøp av eigedomen.

035/17: Godkjenning av Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002**. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 034/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002**. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 035/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner *Reguleringsplan Fv. 57. Parsell Austrheim grense – Mongstadkrysset, planid. 2016002*. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Plankart og reguleringsføresegner er datert 21.10.2016, planskildringa er datert 18.04.2017. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-12.

036/17: Delegasjonsreglement for Austrheim kommune - Revisjon

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017 med fylgjande tillegg under § 4 - 4:
- innkreving av renovasjonsavgift

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

FS - 038/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017 med fylgjande tillegg under § 4 - 4_
-innkreving av renovasjonsavgift.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Jorund Stellberg (Uavh.):

Austrheim kommunestyre bed formannskapet om å leggje fram forslag til politisk reglement og delegering.

Formannskapet si tilråding og Jorund Stellberg(Uavh.) sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 036/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner revidert delegasjonsreglement datert april 2017.

Austrheim kommunestyre bed formannskapet om å leggje fram forslag til politisk reglement og delegering.

037/17: Ballplass - Kaland barne- og ungdomsskule

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyret godkjenner at det blir nytta kr 783.640 for å etablere speleflate på Kaland idrettsanlegg.

Kostnaden vert dekkja frå 32306 099 022710 - Idrettsanlegg Kaland med overføring frå 32306 099 026715 - nye omsorgsbustadar

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Ap v/ Siri Kaland:

Austrheim kommunestyret godkjenner at det blir nytta kr 783.640 til sport court på Kaland idrettsanlegg. I tillegg kan det nyttast inntil 100 000 til toppdekke på resten av idrettsplassen. Speleflata skal vera på plass til skulestart hausten 2017.

Kostnaden kr. 883. 640 vert dekkja frå 32306 099 022710 – Idrettsanlegg Kaland med overføring frå 32306 099026715 – nye omsorgsbustadar.

Framlegget frå Ap v/ Siri Kaland vart samrøystes tilrådd.

FS - 032/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyret godkjenner at det blir nytta kr 783.640 til sport court på Kaland idrettsanlegg. I tillegg kan det nyttast inntil 100 000 til toppdekke på resten av idrettsplassen. Speleflata skal vera på plass til skulestart hausten 2017.

Kostnaden kr. 883. 640 vert dekkja frå 32306 099 022710 – Idrettsanlegg Kaland med overføring frå 32306 099026715 – nye omsorgsbustadar.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 037/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyret godkjenner at det blir nytta kr 783.640 for å etablere speleflate på Kaland idrettsanlegg.

I tillegg kan det nyttast inntil 100.000 til toppdekke på resten av idrettsplassen. Speleflata skal vera på plass til skulestart hausten 2017.

Kostnaden kr. 883.640 vert dekkja frå 32306 099 022710 - Idrettsanlegg Kaland med overføring frå

32306 099 026715 - nye omsorgsbustadar

038/17: Opptak av lån til kjøp av gnr.149 bnr. 72 i Austrheim

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner opptak av lån stort kr. 1.730.000,- i Husbanken til kjøp Av gnr. 149 bnr. 72 i Austrheim kommune.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 038/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner opptak av lån stort kr. 1.730.000,- i Husbanken til kjøp Av gnr. 149 bnr. 72 i Austrheim kommune.

039/17: Årsmelding 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Til møtet låg det føre særutskrift frå kontrollutvalet si handsaming av saka i møte den 09.05.17. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 041/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 039/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Årsmeldinga for 2016 vert teke til vitande.

040/17: Rekneskap 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Årsrekneskap for 2016 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er kr. 4 456 800 i mindreforbruk. Mindreforbruket skal brukast til å redusere meirforbruket i 2015 som var på kr. 8 247 655. Resten av meirforbruket frå 2015, kr. 3 790 855 skal dekkast inn i 2017.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er kr. 0

Note 10, oversikt over låneopptak og unytta lånemidlar, vert godkjent slik han ligg føre og overført til vidare bruk i 2017.

Merknad og innspel frå revisjonsmelding og uttale frå kontrollutvalet vert tatt til fylgje og innarbeidd i det vidare rekneskaps og økonomiarbeid i kommunen.

11.05.2017 FORMANNSKAPET

Til møtet låg det føre særutskrift frå kontrollutvalet si handsaming av saka i møte den 09.05.17.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 042/17 - 11.05.2017 - Vedtak:

Årsrekneskap for 2016 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er kr. 4 456 800 i mindreforbruk. Mindreforbruket skal brukast til å redusere meirforbruket i 2015 som var på kr. 8 247 655. Resten av meirforbruket frå 2015, kr. 3 790 855 skal dekkast inn i 2017.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er kr. 0

Note 10, oversikt over låneopptak og unytta lånemidlar, vert godkjent slik han ligg føre og overført til vidare bruk i 2017.

Merknad og innspel frå revisjonsmelding og uttale frå kontrollutvalet vert tatt til fylgje og innarbeidd i det vidare rekneskaps og økonomiarbeid i kommunen.

23.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Jorund Stellberg(Uavh.)

Årsrekneskap for 2016 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er kr. 4 456 800 i mindreforbruk. Mindreforbruket skal brukast til å redusere meirforbruket i 2015 som var på kr. 8 247 655. Resten av meirforbruket frå 2015, kr. 3 790 855 skal dekkast inn i 2017.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er kr. 0

Note 10, oversikt over låneopptak og unytta lånemidlar, vert godkjent slik han ligg føre og overført til

vidare bruk i 2017.

Merknad og innspel frå revisjonsmelding og uttale frå kontrollutvalet vert tatt til fylgje og innarbeidd i det vidare rekneskaps og økonoarbeidet innan 31.10.17.

Tilbakemelding vert gjeve til formannskapet innan oppstart av budsjetthandsaminga for 2018..

Budsjett for 2018 skal leggjast fram for kommunestyret til handsaming i desember, i samsvar med revisor sin merknad om budsjetttrapport nr. 14, datert 4.5.17.

Formannskapet sitt framlegg fekk 9 røyster mot 7 røyster(H,V og Krf).

KS - 040/17 - 23.05.2017 - Vedtak:

Årsrekneskap for 2016 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er kr. 4 456 800 i mindreforbruk. Mindreforbruket skal brukast til å redusere meirforbruket i 2015 som var på kr. 8 247 655. Resten av meirforbruket frå 2015, kr. 3 790 855 skal dekkast inn i 2017.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er kr. 0

Note 10, oversikt over låneopptak og unytta lånemidlar, vert godkjent slik han ligg føre og overført til vidare bruk i 2017.

Merknad og innspel frå revisjonsmelding og uttale frå kontrollutvalet vert tatt til fylgje og innarbeidd i det vidare rekneskaps og økonomiarbeid i kommunen.
